



Møteinnkalling

| | |
|------------------|---------------------------------|
| Utval: | Kontrollutvalet |
| Møtestad: | Formannskapssalen, Bømlo rådhus |
| Dato: | 03.12.2020 |
| Tid: | 10:00 |

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Ragnhild Ravna Skjærvik

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off |
|---------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------|-------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 9/20 GK 10/20 | Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.10.2020 | 2019/108 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 29/20 | Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan | 2018/30 | |
| PS 30/20 | Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan | 2019/36 | |
| PS 31/20 | Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen - handlingsplan | 2017/2 | |
| PS 32/20 | Status for arbeid med eigarskapsmeldinga | 2019/137 | |
| PS 33/20 | Henvending gjeldande kulturhuset | 2020/61 | |
| PS 34/20 | Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen | 2020/188 | |
| PS 35/20 | Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll | 2019/110 | |
| PS 36/20 | Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport 2020 | 2019/119 | |
| PS 37/20 | Tinging av kurs frå Deloitte | 2020/200 | |
| PS 38/20 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval | 2019/112 | |
| PS 39/20 | Eventuelt | 2020/60 | |
| | Referatsaker | | |
| RS 8/20 | Vedtaksbrev - fritak frå verv KU - Lene Borgen Waage (A) - suppleringsval | 2019/106 | |
| RS 9/20 | FKT - KMDs svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp | 2019/26 | |
| RS 10/20 | KMD-FKT - Svar på spørsmål vedr. tolking av § 23-5 | 2019/26 | |
| RS 11/20 | FKT - medlemsinformasjon november 2020 | 2019/26 | |

Godkjenningssaker

GK 9/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/108-10
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 10/20 | 03.12.2020 |

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.10.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.10.2020 er lagt med som vedlegg i saka.



Møteprotokoll

| | |
|------------------|---------------------------------|
| Utval: | Kontrollutvalet |
| Møtestad: | Formannskapssalen, Bømlo rådhus |
| Dato: | 22.10.2020 |
| Tid: | 11:00 - 13:00 |

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|-----------|---------------|
| Ragnhild Ravna Skjærvik | Leiar | AP |
| Vegard Enerstvedt | Nestleiar | H |
| Silje Sivertsen | Medlem | V |
| Arne Zahl Røksund | Medlem | SV |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------|----------|---------------|
| Anfinn G. Tolås | Medlem | KRF |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|----------------|-----------------|---------------|
| Magne Rolfsnes | Anfinn G. Tolås | KRF |

Merknader

Andre som møtte:

| Namn | Stilling |
|----------------------|------------------------------------------|
| Kjetil Aga Gjørseter | Kommunedirektør |
| Sammy Olsen | Ordførar |
| Else Holst Larsen | Partner, Deloitte AS |
| Helge Inge Johansen | Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune |

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off |
|--------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|-------|
| Godkjenningssaker | | | |
| GK 7/20 GK 8/20 | Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.2020 | 2019/108 | |
| Politiske saker | | | |
| PS 24/20 PS 25/20 | Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2020 | 2020/188 2019/119 | |
| PS 26/20 PS 27/20 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval Eventuelt | 2019/112 2020/60 | |
| Referatsaker | | | |
| RS 7/20 | FKT - medlemsinformasjon september 2020 | 2019/26 | |
| Politiske saker | | | |
| PS 28/20 | Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag | 2014/390 | |

Godkjenningssaker

GK 7/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 22.10.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 8/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.2020

Saksprotokoll 22.10.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 10.09.2020.

Vedtak

Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøte 10.09.2020 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 24/20 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 22.10.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om dette:

- 7 veker i jobben som kommunedirektør
- 3 vakante sentrale posisjoner for kommunen over tid er no snart besatt
- Testkapasiteten gjeldande Covid-19 i kommunen er god
- Rekneskapsresultat (noko betre enn forventa)
- Budsjettarbeidet er i gang

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 25/20 Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 03.12.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 12.11.2020.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 22.10.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Partner Else Holst-Larsen i Deloitte AS presenterte revisjonsplanen og risikovurderingen for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2020, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 03.12.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 12.11.2020.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 26/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

Saksprotokoll 22.10.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane. Kontrollutvalet vart einige om at ny leiar for kontrollutvalet, Ragnhild Ravna Skjærvik tek ansvar for møteprotokollane som tidligare leiar Lene Borgen Waage hadde ansvar for, utval for levekår.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Ragnhild Ravna Skjærvik får særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollane til utval for levekår
2. Møteprotokollane vart teken til orientering.

PS 27/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 22.10.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

1. Habilitet

Nestleiar Vegard Enerstvedt orienterte utvalet om at mor hans har takka ja til ein leiarstilling i kommunen - Kommunalsjef Samfunnsutvikling.

Han vil melde frå om mogleg habilitetskonflikt framover. Kontrollutvalet diskuterte saka, og vart einige om at sekretariatet sjekker ut dette og eventuelt får ei juridisk vurdering av dette til neste møte i kontrollutvalet, 03.12. Alternativt at revisor får i oppgåve å komme med ei juridisk vurdering.

2. Tinging av kurs frå Deloitte

Kontrollutvalet ønskjer at sak om kurs frå Deloitte kjem på sakslista til neste møte i kontrollutvalet 03.12.2020. Ny utvalsleiar ønskjer at ein skal ha eit tema eller kurs gjeldande oppgåver og plikter for kontrollutvalet.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Sekretariatet får i oppgåve å undersøke korleis ein skal handtere dette framover, og ber difor om ei juridisk vurdering av saka knytt til habilitetsreglane. Alternativt at sekretariatet kjem tilbake til kontrollutvalet i møte 03.12 og ber om at kontrollutvalet bestiller ei juridisk vurdering frå revisor.
2. Sekretariatet kjem tilbake til kontrollutvalet om sak gjeldande tinging av kurs til møtet 03.12.2020. I denne samanhengen skal ein sjå på om det ut i frå kursoversikten frå Deloitte er mogleg å tinga frå dei, «gjeldande oppgåver og plikter» for kontrollutvalet.

Referatsaker

RS 7/20 FKT - medlemsinformasjon september 2020

Saksprotokoll 22.10.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

Politiske saker

PS 28/20 Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke

2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Saksprotokoll 22.10.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Revisor var ikkje til stades ved handsaming av denne saka

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 2. lekk, 2. punktum.

Kontrollutvalet hadde gjennomgang av konkurransegrunnlaget i møtet. Sekretariatet orienterte kort om konkurransegrunnlaget for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, vart vedteke
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Politiske saker

PS 29/20 Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2018/30-13
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 29/20 | 03.12.2020 |

Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar til maimøte i 2021. Frist for levering av skriftleg tilbakemelding er 15.04.2021.

Samandrag

Det er gjennomført ein forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar og rådmannen har fått ein frist til gjennomføring av ein del tiltak. Dette er fjerde gang kontrollutvalet har handlingsplanen til handsaming.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt **vedtak** i sak PS 05/2019 i møte den 18.02.2019:

«Kommunestyret ber om at rådmannen:

1. Formaliserer og systematiserer arbeidet med burettleiing og rettleiing i bustadkarriere ytterlegare gjennom kommunale planar og rutinar
2. Sikrar at det blir gjort ei konkret vurdering av behovet for grunnleggjande kvalifisering før tildeling av introduksjonsprogram, og at vurderinga blir dokumentert
3. Sikrar at det innan tre månader etter busetting eller etter at krav om deltaking i introduksjonsprogrammet blir framsett, føreligg ein individuell plan som stettar minstekrava i lova
4. Sikrar at vurderingar som er gjort i samband med utarbeiding og evaluering av individuell plan i større grad blir dokumentert, slik at både samanhengar mellom mål og tiltak, og status for gjennomføring og måloppnåing blir tydeleggjort, samt at det i større grad blir tydeleggjort at deltakaren har bidratt i utarbeiding og evaluering av individuell pla
5. Sørger for at arbeidet med å sikre tilstrekkeleg kompetanse innan arbeid med flyktningar og integrering blir synleggjort i kompetanseplanar
6. Lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2,e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon, vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» §12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står;

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er fulgt opp på en tilfredsstillende måte»

I handlingsplanen har rådmannen lagt inn ein kommentar til forvaltningsrevisjonsrapporten:

«Forvaltningsrevisjonsrapporten har nesten utelukkande vurdert introduksjonsprogrammet når ein har undersøkt området integrering. Revisjonen har heller ikkje gjennomført intervju med tilsette frå mange av dei tenestene som ofte er i kontakt med våre busette flyktningar.

Sett opp mot føremålet med forvaltningsrevisjonen om å sikre tilfredsstillande tenester til flyktningar som vert busette i kommunen, er det på sin plass å minne om at eit godt integreringsarbeid krev innsats på fleire område – slik som temainndelinga i vedteken Integreringsplan viser;

- Samhandling
- Mottak og busetting
- Migrasjonshelse
- Oppvekst
- Kvalifisering av vaksne: arbeid og utdanning

- Samfunn og fritid
- Økonomi

Denne handlingsplanen bør derfor sjåast i samanheng med oppfølging av integreringsplanen»

Kontrollutvalet hadde handlingsplanen til handsaming siste gang i møte 20.02.2020, PS 02/20, der dette vart vedteke:

«Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar, med frist 01.09.2020.»

I epost frå kommunedirektør 24.11.2020 er det informert mellom anna om dette når det gjeld handlingsplanen

| Mål/tiltak frå det politiske vedtaket | Tiltak | Frist | Ansvar | Status pr. 01.10 / 15.01 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|---------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. Sørger for at arbeidet med å sikre tilstrekkeleg kompetanse innan arbeid med flyktningar og integrering blir synleggjort i kompetanseplanar | Sikre integreringsperspektivet ved neste rullering av kompetanseutviklingsplan for grunnskulen | 31.12.19 | Kommunalsjef OKI | Drøfting med organisasjonar gjennomført. Vert følgt opp i rullering av plan. |
| | Utarbeide eigen sektorovergripande kompetanseplan som vedlegg til integreringsplanen. | 31.12.19 | Kommunalsjefar OKI og HSO | Arbeidet er påbegynt, men ikkje ferdigstilt. Fleire konkrete kompetanse-hevingstiltak er gjennomført, mellom anna sektorovergripande og tverrfaglege kursdagar om traumer, med bruk av førelesarar frå RVTS. |

Sekretariatet ser at det står noko att i dette arbeidet gjeldande handlingsplanen, og tilrår at kontrollutvalet ber om ei ny orientering til maimøte 2021.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem fram i saka, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 15.04.2021, og at kontrollutvalet får saka til handsaming i maimøte.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/36-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 30/20 | 03.12.2020 |

Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

Samandrag

Dette er første oppfølging av forbetningsarbeidet på denne forvaltningsrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om ei ny orientering til kontrollutvalsmøtet sitt første møte i 2021.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan - forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 18.05.2020:

«Kommunestyret ber rådmannen:

- 1. Sørge for at det blir etablert system for registrering av vedtak, der det også inngår
 - a.) Status for oppfølging og iverksetjing*
 - b.) Kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming*
 - c.) Rapportering til politiske møte**
- 2. Sørge for at det blir oppdatert informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette
 - a.) Tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet*
 - b.) Vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på god måte**
- 3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet.*
- 4. Sørge for ein god avviksmeldekultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analyser av avvik som er meldte i verksemdene.*
- 5. Sørge for at det blir etablert felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.*
- 6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.*
- 7. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i ver for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at: e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har fått oversendt handlingsplan som er vedlagt saka. Ut i frå det sekretariatet kan sjå har kommunen komme godt i gang med forbetningsarbeidet.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet går igjennom tilbakemeldinga frå administrasjonen, slik det kjem fram av vedlegget, «punkt for punkt».

Konklusjon

Sekretariatet registrerer at det er satt i gang ein del positive tiltak knytt til handlingsplanen innan vedtaksoppfølging og internkontroll. Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg status på oppfølginga til første kontrollutvalsmøte i 2021.

PS 3/20 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll – revisjonsrapport

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Deloitte presenterte forvaltningsrevisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Konstituert rådmann kommenterte spesielt at kommunen innafor andre fagområde har gode system for ivaretakinge av internkontroll og at ein og har ROS-analyser til å hjelpa seg med. Det vart vist til blant anna sist møte i kontrollutvalet der konstituert rådmann var inne og orienterte om tilsynssaka frå fylkesmannen innan samfunnstryggleik og beredskap.

Kontrollutvalet vart einige om å endra litt i innstillingspunkt 1. Fristen for rådmannen til å lage ein prioritert handlingsplan vart og endra frå 01.05.2020 til 01.09.2020.

Innstillinga vart samrøystes vedteke, med endring i punkt 1 og endring av frist i punkt 7.

Innstilling

Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at det blir etablert og tatt i bruk felles system for registrering av vedtak, der det også inngår
 - a.) Status for oppfølging og iverksetjing
 - b.) Kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming
 - c.) Rapportering til politiske møte

Ephorte skal ikkje nyttast etter 01.11.20, slik at frå denne dato skal Elements vera tatt fullt i bruk. Det er å anta at opplæring i modulen for saksoppfølging vil kunne bli gjennomført i løpet av november og desember, og at modulen kan bli tatt i bruk frå første politiske møterunde i 2021.

2. Sørge for at det blir oppdatert informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, Pr i dag har alle tilsette enkel tilgang i kvalitetsstyringssystemet på dokumentet «BK - Handbok: KSS introduksjon til kvalitetssystemet – tilsette» og «BK - Handbok: KSS; søkefunksjon i kvalitetsstyringssystemet». To gonger i året har nyttilsette fått invitasjon til felles opplæring på Rådhuset, og systemansvarleg er ofte ute på arbeidsstadene og held kurs for tilsette. I tillegg har rådmannen to gonger årleg sendt ut informasjonsskriv om kvalitetsarbeid og temaet er oppe i medråderettsmøte og AMU.

og under dette

- a.) Tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet
Kvalitetshandboka er under revisjon, og tydeleggjering av roller og ansvar for internkontrollarbeidet høyrer naturleg inn i revisjonen.
- b.) Vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på god måte
I kvalitetsstyringssystemet er alle rollar og tilgangsstrykinga på plass. Det finnast i tillegg detaljerte brukarrettleggjar på dei fleste funksjonar, også for korleis leggja inn dokument og namning av desse.
Det vart i si tid vedteke av kvalitetsutvalet at systemansvarleg skulle leggja inn alle nye dokument, med følgjande grunngjeving:
 - i. Når ein person gjer dette er det mogleg å fanga opp dersom fleire verksemder har ganske likelydande dokument som like gjerne kunne vore laga for fleire verksemder /alle. Det er og mogleg å fanga opp dersom verksemder lagar eigne dokument som t.d. personalavdelinga burde/skulle hatt hand om (begge desse døma har skjedd fleire gonger).
 - ii. Mange har sine eigne meiningar om korleis strukturen bør vera, men det er viktig å følgja vedteken struktur. Derfor er det berre systemansvarleg som kan oppretta og namna mapper. Korleis dokumenta skal namnast er skildra i kvalitetshandboka, og namning skjer også ut frå dokumentstruktur. Når systemansvarleg legg inn nye dokument så er ein sikra at namning og plassering av dokument vert gjort korrekt ihht kvalitetshandboka. Skal søkefunksjonen fungera optimalt, må vedteken namning følgjast.

I starten, då mange la inn dokument sjølv, vart det mykje feil, og den vedtekne strukturen vart heller ikkje følgd. Frå tid til anna legg leiarar inn dokument sjølve, og det er så godt som utan unntak feil i namning og/eller plassering i strukturen.

iii. Systemansvarleg sørger for at dokument blir lagt i dokumentmalen som er vedtatt skal nyttast, og sjekkar at t.d. dato for kva tid dokumentet sist var oppdatert blir endra. Dette er også del av kvalitetsarbeidet.

iv. Dersom kvar einiskild skal leggja inn dokument for område som rolla har tilgang til, så vil dette skje relativt sjeldan, og sannsynet for at dei som gjer dette sjeldan vil bruka unødig lang tid og med derpåfølgjande frustrasjon. At systemansvarleg legg inn dokument er også ein service til travle verksemdsleiarar.

Systemansvarleg har ved fleire høve gitt tilbod til dei leiarar som har mange dokument om å læra dei korleis dei sjølve legg inn revisjon av dokument som allereie ligg i kvalitetsstyringssystemet, men det har dei til no ikkje hatt ønske om.

For rollene i kvalitetsstyringssystemet er det gitt tilgongar og rettar, slik at det teknisk sett ikkje er noko som stoppar at leiarar kan leggja inn dokument.

3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet.

- Det har vore halde innføringskurs for nyttilsette i kvalitetsstyringssystemet to gonger i året, men grunna covid-19 har dette ikkje vore gjennomført hittil i år. Opplæring for nyttilsette må komme inn i normalt gjenge igjen når den nye plattformen vert tatt i bruk, og kan, dersom smittesituasjonen krev det, haldast som digital opplæring.
- Systemansvarleg har ofte vore ute på mange arbeidsstader og halde oppfølgingskurs.
- Leiarar må også jamleg få «leiaropplæring» i systemet, og slik opplæring vert gitt ved behov.
- Verksemdsleiarar / avdelingsleiarar må bli oppfordra til at dei tilsette skal jamleg har repetisjon i både praktisk bruk og nytteverdi av eit kvalitetsstyringssystemet.
- Det er ein fordel at systemansvarleg i størst mogleg grad gir denne opplæringa / repetisjonen, slik at alle får mest mogleg lik informasjon – og får opplæring i alle delar av kvalitetsstyringssystemet, som er meir enn eit avvikssystem. Alternativt å laga ein faldar / power point eller liknande som kan nyttast i verksemdene, slik at alle får same opplæring.
- Rådmannen har laga halvårlege informasjonsskriv om kvalitetsarbeid, som vert sendt til alle tilsette. Dette er viktig bidrag når det gjeld kvalitetsarbeidet i kommunen, både for å visa at kommunen sin øvste administrative leiar har fokus på kvalitetsarbeid, og fordi skrivet har hatt med konkrete tips og råd.

4. Sørge for ein god avviksmeldekultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analyser av avvik som er meldte i verksemdene.

I verksemdene sine medråderettsmøte skal avvik vera eitt av temaa, og det same i medråderettsmøte som kommunalsjef gjennomfører. AMU får to gonger i året lagt fram avviksstatistikk.

God avviksmeldekultur:

- Må vera forankra i linja. Leiarar må ha forståing for kvifor avvik er viktig, både som forbetring og dokumentasjon, og dette må jamleg vera tema i (verksemds)leiar møte.
- Naudsynt opplæring, både tilsette og leiarar.

Systematiske og jamlege overordna analyser av avvik:

- I den nye versjonen av kvalitetsstyringssystemet vil det bli mykje enklare å ta ut avviksstatistikk samanlikna med korleis dette er no. Dermed vil det bli enklare å ta fram statistikk, og drøfta statistikken både i strategisk leiargruppe, i verksemdsleiar samlingar og i personalmøte.
- Den nye versjonen gjer det og mogleg at kommunen lagar felt i avviksmelding slik at t.d. den tilsette må sjølv reflektera meir over årsak til avviket og kva som kan setjast som risikoreduserande tiltak. Generelt er det mogleg å tilpassa felt i avviksmeldeskjema på ein annan måte enn i dagens versjon. I avvikshandsaminga vil det og vera mogleg å leggja inn oppfølgjande tiltak (slik som no).

5. Sørge for at det blir etablert felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar. Dagens «risikostyringsplan» skal byttast ut med «BK – Retningslinjer: Gjennomføring av ROS-analysar, risiko- og sårbarhetsanalysar». Det nye dokumentet er under arbeid og inneheld m.a, omtale om gjennomføring av ROS der t.d. risikoakseptkriteria blir omtala. Ferdigstilling av dokumentet er estimert til 01.01.21.
- Erfaringa frå heilskapleg ROS analyse hausten 2019 vil og kunne vera nyttig i forhold til dette punktet. Og dokumentet må i noko grad endrast med desse erfaringane i bakhovudet. M.a. når det gjeld omtale og definisjon av risikoakseptgrense og tiltaksgrense. Utan å fastsetja desse grensene før gjennomføring av ROS analyse, så veit ein ikkje kva hendingar som ligg i kva fargesone og kva tid det bør og/eller skal listast tiltak. Det bør ei viss opplæring til for mest mogleg lik gjennomføring og forståing av ROS analysar.
6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda. Det vil bli sett opp møteplan for kvalitetsutvalet og kvalitetsgruppene for 2021.
7. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan

| | Ansvarleg | Tidsfrist | Prioritet |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------|-----------|-----------|
| 1. Etablere system for registrering av vedtak der det også inngår | Kommunedirektør (leiar fellesekretariat) | | |
| a. status for oppfølging og iverksetjing | Kommunedirektør (leiar fellesekretariat) | 01.02.21 | 1 |
| b. kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming | Kommunedirektør (leiar fellesekretariat) | | |
| c. rapportering til politiske møte | Kommunedirektør | | |
| 2. Oppdatere informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette | Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/kvalitetsarbeid) | 01.02.21 | 3 |
| a. tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet | Kommunedirektør | | |
| b. vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitets-systemet på ein god måte | Kommunedirektør | 01.02.21 | 5 |
| 3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet | Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/kvalitetsarbeid) | 01.02.21 | 2 |
| 4. Sørge for ein god avviksmeldekultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analysar av avvik som er meldte i verksemdene. | Kommunedirektør | 01.02.21 | 4 |
| 5. Etablere felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar. | Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/kvalitetsarbeid) | 01.02.21 | 6 |
| 6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda. | Kommunedirektør | 01.02.21 | 7 |



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2017/2-18
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 31/20 | 03.12.2020 |

Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vel å lukke saka og takker for det arbeidet som er lagt ned.

Samandrag

Dette er eit oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjonsrapport innan psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen. Dette er andre gang kontrollutvalet har handlingsplanen til handsaming.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt **vedtak** i sak PS 42/2018 i møte den 14.05.2018;

1. *Oppdaterer overordna mål for arbeidet med psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing i Bømlo kommune, og etablerer eit system for oppfølging av måla gjennom jamleg rapportering og oppfølging*
2. *Sikrar at alle skulane har utarbeidd skriftlege planar for arbeidet med elevane sitt psykososialt miljø, og at desse blir oppdatert jamleg og er i aktiv bruk*
3. *Sikrar at alle skulane har rutinar for skriftleg evaluering av arbeidet med det psykososiale skulemiljøet*
4. *Sikrar at alle skulane har skriftleggjort ansvarsfordelinga i arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø. Vidare bør kommunen også følgje opp at skulane har etablert rutinar for korleis og kor ofte ansvar og oppgåver i arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø blir gjennomgått med dei tilsette ved skulen*
5. *Sikrar at det blir etablert system og rutinar for å ivareta nye krav i opplæringslova kapittel 9A. Spesielt knytt til aktivitetsplikt, tydeleggjering av den skjerpaa aktivitetsplikta dersom ein vaksen mobbar ein elev, utarbeiding av tiltaksplanar og evaluering av iverksette tiltak*
6. *Utarbeidar felles retningslinjer for korleis skulane skal jobbe systematisk med førebygging av digital mobbing, og etablerer system for å følge opp og evaluere dette arbeidet*
7. *Sikrar at skulane implementerer leseplanen og brukar han i sitt arbeid, og sikrar at skulane er sett i stand til å implementere planen tilstrekkeleg*
8. *Sikrar at skulane tar i bruk verktøy og hjelpemiddel som kommunen har kjøpt slik at skuleeigar i større grad kan følge opp skulane sitt arbeid med leseopplæring systematisk, og oppnå betre oversikt over, og kontroll med, status på leseopplæringa i kommunen*
9. *Sikrar at tilsette får tilstrekkeleg opplæring i sentrale verktøy knytt til leseopplæringa i kommunen, og legg til rette for at skulane ved behov kan få hjelp og rettleiing i bruken av verktøya*
10. *Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at: e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet hadde saka til handsaming i møte 18.10.2018, dette vart protokollert om saka:

«Kontrollutvalet diskuterte tiltaka slik det kjem fram av handlingsplanen og ser at kommunen er godt i gang med arbeidet.

Kontrollutvalet ønskjer likevel ein ny orientering om saka til februar møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon om psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen innan 01.02.2019.»

Notat til folkevald organ dagsett 19.08.2018 er lagt med saka for å sikre ei betre forståing av saka.

Kommunedirektør har i epost 24.11.2020 gitt desse opplysningane i status gjeldande handlingsplanen:

- Handlingsplanen er følgt opp slik han vart vedteken. Sidan denne var til politisk handsaming har ein også vedtatt kommunedelplan for oppvekst. Kommunedelplanen tydeleggjer overordna mål og retning for oppvekstsektoren i kommunen, og prioriteringar vert sikra gjennom årlege handlingsplanar som også vert handsama politisk.
- Systemet som er etablert for at både elevar, foreldre og tilsette kan melde frå om elevar som ikkje har det trygt og godt på skulen er i aktiv bruk. Dette gjev kommunen eit godt verktøy for å fange opp og følgje opp slike saker.
- Det vert framleis jobba aktivt for å motverke digital mobbing, både på system og individnivå. Digital mobbing skjer oftare på fritida enn på skulen, men får konsekvensar på begge arenaer. Her er det viktig med eit godt samarbeid heim-skule.
- Satsinga på lesing er vidareført med m.a. nettverk på tvers av skular/barnehagar for å styrke overgongane. Lærarspesialistane med spesialkompetanse på lesing/leseopplæring vert brukt aktivt.

Ut i frå saksframlegget og vedlegg i saka og det som kjem fram av informasjon i møte, må kontrollutvalet vurdere om ein vil lukke saka eller be om ny orientering. Sekretariatet tilrår at ein lukker saka.

Konklusjon

Kontrollutvalet takker for det arbeidet som er gjort på eit viktig tenesteområde i kommunen og vel å lukke saka.



Dato: 19.08.2018
Arkivref: 2008/809-19805/2018 / 103.3

Saksbehandlar: Kristine Sætre
53 42 30 66
kristine.saetre@bomlo.kommune.no

| Sak nr i møte | Utval | Møtedato |
|---------------|--------------------------------------|------------|
| | Utval for oppvekst, kultur og idrett | 04.09.2018 |
| | Kommunestyret | 24.09.2018 |

HANDLINGSPLAN - OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT VEDR. PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ OG LESEOPPLÆRING I BØMLO KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek handlingsplanen og tiltak i denne slik han ligg føre
2. Rådmannen får i oppgåve å følgje opp det vidare arbeidet med handlingsplanen

Dokument i saka:

- Opplæringslova med føresegner
- «Forvaltningsrevisjon av psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen», Deloitte, januar 2018
- PS 18/18 Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen
- PS 42/18 Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen – 2. gangs handsaming

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet bestilte 06.04.17 ein forvaltningsrevisjon innan psykososialt miljø og leseopplæring i skulen. Føremålet med revisjonen var å undersøke om skuleeigar og den einskilde skule arbeider systematisk for å sikre eit godt psykososialt skulemiljø, og gjennom dette førebygge mobbing for elevane i grunnskulane i Bømlo kommune, samt om det føreligg system og rutinar som sikrar at sentrale krav til elevane sitt psykososiale skulemiljø blir ivaretatt. Forvaltningsrevisjonen skulle også undersøke i kva grad kommunen har etablert system og planar for å sikre tilstrekkeleg god leseopplæring i skulen.

Deloitte gjennomførte undersøkingar og intervju hausten 2017 og levert ein ferdig, verifisert rapport (inkludert rådmannen sin uttale) i januar 2018.

Ved første gangs politiske handsaming i kommunestyret 19.03., var sjølv rapporten ikkje lagt ved saksførelegget. Saka vart derfor utsett. 14.05.18 gjorde kommunestyret slikt samrøystes vedtak:

1. Oppdaterer overordna mål for arbeidet med psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing i Bømlo kommune, og etablerer eit system for oppfølging av måla gjennom jamleg rapportering og oppfølging

2. Sikrar at alle skulane har utarbeidd skriftlege planar for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø, og at desse blir oppdatert jamleg og er i aktiv bruk
3. Sikrar at alle skulane har rutinar for skriftleg evaluering av arbeidet med det psykososiale skulemiljøet
4. Sikrar at alle skulane har skriftleggjort ansvarsfordelinga i arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø. Vidare bør kommunen også følgje opp at skulane har etablert rutinar for korleis og kor ofte ansvar og oppgåver i arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø blir gjennomgått med dei tilsette ved skulen
5. Sikrar at det blir etablert system og rutinar for å ivareta nye krav i opplæringslova kapittel 9A. Spesielt knytt til aktivitetsplikt, tydeleggjering av den skjerpa aktivitetsplikta dersom ein vaksen mobbar ein elev, utarbeiding av tiltaksplanar og evaluering av iverksette tiltak
6. Utarbeidar felles retningsliner for korleis skulane skal jobbe systematisk med førebygging av digital mobbing, og etablerer system for å følge opp og evaluere dette arbeidet
7. Sikrar at skulane implementerer leseplanen og brukar han i sitt arbeid, og sikrar at skulane er sett i stand til å implementere planen tilstrekkeleg
8. Sikrar at skulane tar i bruk verktøy og hjelpemiddel som kommunen har kjøpt slik at skuleeigar i større grad kan følge opp skulane sitt arbeid med leseopplæring systematisk, og oppnå betre oversikt over, og kontroll med, status på leseopplæringa i kommunen
9. Sikrar at tilsette får tilstrekkeleg opplæring i sentrale verktøy knytt til leseopplæringa i kommunen, og legg til rette for at skulane ved behov kan få hjelp og rettleiing i bruken av verktøya
10. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.

Vurderingar:

Allereie hausten 2017 starta ein på arbeidet med å betra det systematiske arbeidet knytt til elevane sin rett til eit godt og trygt skulemiljø, i samband med at lovverket vart endra frå 01.08.2017. Tiltak som er iverksette eller planfesta imøtekjem desse punkta påpeikte i rapporten på denne måten:

- *Oppdaterer overordna mål for arbeidet med psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing i Bømlo kommune, og etablerer eit system for oppfølging av måla gjennom jamleg rapportering og oppfølging*

Det er no utarbeidd ein plan for Inkluderande barnehage- og skulemiljø i Bømlo. Frå januar 2018 deltek Bømlo saman med dei andre kommunane i Sunnhordland i pulje 2 i den nasjonale satsinga på inkluderande barnehage- og skulemiljø. Som del av satsinga er det tilsett to kommunale ressurspersonar for barnehagane - og grunnskulane i Bømlo. Kommunen sin plan vart utarbeidd i vår, og sendt Fylkesmannen i Hordaland 1. juni 2018. Planen inneheldt dei overordna kommunale måla for born og unge i Bømlo, og korleis barnehagane og skulane samt kommunen vil arbeida for at barn og unge skal ha eit trygt og godt miljø. Planen vil bli følgt opp i møte med skulane, og

skulane må årleg rapportera korleis dei arbeider med måla i planen. Kommunedelplanen for oppvekst som er under utarbeiding, vil òg i vareta overordna kommunale mål for dette området.

- *Sikrar at alle skulane har utarbeidd skriftlege planar for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø, og at desse blir oppdatert jamleg og er i aktiv bruk*

Skulane utarbeider skriftlege handlingsplanar som skal ivareta krav etter Opplæringslova 9A, tema frå kommunalt satsingsområde på godt læringsmiljø og mål frå plan for Inkluderande barnehage og skulemiljø. Desse planane skal handsamast i Samarbeidsutvalet, og gjerast kjent for elevar og føresette. Planane skal arbeidast med i felles utviklingstid på skulane, og brukast aktivt i rådsorgana på skulen. I mars/april skal planane evaluerast og oppdaterast.

- *Sikrar at alle skulane har rutinar for skriftleg evaluering av arbeidet med det psykososiale skulemiljøet*

Elevundersøkinga for 5.-10. trinn vert brukt som måleverktøy og indikator på korleis elevane opplever det psykososiale miljøet på skulen. I tillegg kjem informasjon frå elevsamtalar, føresettsamtalar, foreldremøte og meldingar i Skulemiljøknappen. Skulane skal ha skriftleg dokumentert at dette har vore internt evaluert minst ein gong pr. semester. Denne informasjonen skal dei orientera om i Skulemiljøutvalet og Samarbeidsutvalet.

- *Sikrar at alle skulane har skriftleggjort ansvarsfordelinga i arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø. Vidare bør kommunen også følgje opp at skulane har etablert rutinar for korleis og kor ofte ansvar og oppgåver i arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø blir gjennomgått med dei tilsette ved skulen*

Systemet Moava1310 i kommunen sitt interne kvalitetssystem KSS vert brukt som verktøy for skulane til å dokumentere at dei har skriftleggjorte rutinar for ansvarsfordeling i arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø. Skulane sine interne rutinar skal syne korleis og kor ofte desse rutinane vert gjennomgått med dei tilsette på skulen. Skular med manglande rutinar vert følgt opp.

- *Sikrar at det blir etablert system og rutinar for å ivareta nye krav i opplæringslova kapittel 9A. Spesielt knytt til aktivitetsplikt, tydeleggjering av den skjerpa aktivitetsplikta dersom ein vaksen mobbar ein elev, utarbeiding av tiltaksplanar og evaluering av iverksette tiltak*

I midten på oktober 2017 tok Bømlø kommune i bruk Moava1310 og deira system Skulemiljøknappen. Denne «knappen» ligg tilgjengeleg på skulane si heimeside, og her kan elevar, føresette, tilsette og andre melda frå om hendingar der elevar blir krenka eller mobba. Moava 1310 sitt system fungerer slik at denne meldinga går til rektor, og skjema med tidfrist vert oppretta. Rektor/kontaktlærar tek deretter kontakt med elev/heim, og der det skal skrivast ein aktivitetsplan for å betra situasjonen for eleven, vert dette gjort. Instruks for kva ein aktivitetsplan skal innehalda, med krav /frist for evaluering, er òg lagt i kommunen sitt eige interne kvalitetssystem. Skulemiljøknappen fungerer òg slik at dersom det vert meldt at det er ein vaksen som står for krenkinga, går meldinga direkte til kommunalsjef slik at skulen vert følgt opp.

- *Utarbeidar felles retningsliner for korleis skulane skal jobbe systematisk med førebygging av digital mobbing, og etablerer system for å følgje opp og evaluere dette arbeidet*

Dei kommunale ressurspersonane i satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø, vil i samarbeid med skuleleiarane, MOT-koordinator og leiar for BTI (Betre tverrfagleg innsats), PPT, Skulehelsetenesta og kommunen, byrja denne hausten med å utarbeida felles retningsliner for korleis ein kan arbeida systematisk med førebygging av digital mobbing. Området er vektlagt som satsingsområde, og det er planlagt kompetanseheving for dei tilsette på skulane når det gjeld digital mobbing. Nokre skular har allereie hatt dette som tema på foreldremøte.

- *Sikrar at skulane implementerer leseplanen og brukar han i sitt arbeid, og sikrar at skulane er sett i stand til å implementere planen tilstrekkeleg*

Hausten 2017 utarbeidde Bømlo kommune ein ny plan: Strategi språkkommune. Bømlo deltek i den nasjonale satsinga Språkløyper, og får m.a. rettleiing frå Lesesenteret i Stavanger. Den nye vedtekte planen er overordna den tidlegare leseplanen, og vektlegg i mykje større grad kompetanseheving for dei tilsette i språk, lese- og skriveopplæring ved bruk av dei digitalt tilgjengelege kompetansepakane Språkløyper. Desse er skulane pålagt å bruka, og skuleleiinga har implementeringsansvaret. Å sikra gode overgangar er eit satsingsområde, og eit nettverk med deltakarar frå barnehage og skule starta opp i juni 2018.

- *Sikrar at skulane tar i bruk verktøy og hjelpemiddel som kommunen har kjøpt slik at skuleeigar i større grad kan følge opp skulane sitt arbeid med leseopplæring systematisk, og oppnå betre oversikt over, og kontroll med, status på leseopplæringa i kommunen*

Språkkommuneplanen for Bømlo stiller krav til at skulane utarbeider rutinar for korleis dei fylgjer opp resultat på kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar. Desse resultatata skal brukast i skulen si eiga evaluering av opplæringa dei gjev, og rutinane dei har etablert. Eigne tiltak og samarbeid med PPT er del av desse rutinane. Conexus Insight og Conexus Engage er innkjøpte system som er til god hjelp i dette arbeidet, sidan desse får overført resultatopplysningar frå prøvegjennomføringssystemet hos Utdanningsdirektoratet. Kommunen vektlegg auka fokus på skulane sitt bruk av dette hjelpemiddelet framover. Styringsdialogen som kommunalsjef skal etablere som årleg rutine for oppfølging av skulane sin praksis, vil bli sentralt verkemiddel her.

- *Sikrar at tilsette får tilstrekkeleg opplæring i sentrale verktøy knytt til leseopplæringa i kommunen, og legg til rette for at skulane ved behov kan få hjelp og rettleiing i bruken av verktøya*

I tillegg til at hjelpemiddelet Conexus Insight importerer prøveresultat, er det òg mogleg for lærarar å leggja inn andre prøvar og innleveringar for å ha god oversikt på elevane sin dugleik – dette for å kunna tilretteleggja for ei tilpassa undervisning. Det er kjøpt eit tilleggsverktøy i Conexus Insight som særleg er til hjelp for å tilretteleggja for tilpassa opplæring: Leselos. Om ein vel å nytta skjema, eller set seg inn i teorien bak Leselos si tilpassa språk, lese- og skrive opplæring – har Bømlo kommune delegert til skulane å bestemma på kva måte dei vil nytta Leselos. Leselos er utarbeidd av Lesesenteret ved Universitet i Stavanger, og Språkløyper, som alle skulane i Bømlo skal nytta, byggjer i stor grad på denne lærings- og undervisningsforståinga. Når det gjeld verktøy og hjelpemiddel vert desse kontinuerleg vurderte, kommunen har årsavtalar med firma som leverer desse. Kjem det nye og meir passande hjelpemiddel, hindrar ikkje strategiplanen eller leseplanen kommunen i å endra desse. Utdanningsdirektoratet har òg gratis tilgjengeleg materiell som skulane kan nytta til oppfølging av den undervisninga skulen gjev og læringsutviklinga elevane har. Det er rektor/skuleleiing som har ansvaret for å leggja til rette for opplæring hos sine tilsette.

- *Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.*

Det er sett i verk tiltak knytt til alle påpeikte punkt i tilrådingane i rapporten. Desse er det gjort greie for under kvart omtala punkt over. Både lesedugleik og godt læringsmiljø var, og framleis er, satsingsområde i fjor 2017/18 som det er i 2018/19.

Bømlo har søkt om å delta i nasjonale satsingar for kompetanseutvikling på begge desse områda, og i og med at første utkast av denne forvaltningsrapporten vart kjent allereie vinteren 2017/18, har ein brukt område frå denne som utviklingsområde ein har prioritert i arbeidet med satsingane. Eit døme her er arbeidet mot digital mobbing, som vil få auka fokus etter kvart som arbeidet i satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø utviklar seg.

Lovendringa i Opplæringslova 9A gjorde òg at det vart forbetra ruinar allereie medan undersøkinga i forvaltningsrapporten pågjekk.

Økonomiske konsekvensar:

Det er kostnader knytt til innkjøp og drift av systema Moava1310 og Skulemiljøknappen. Det same gjeld hjelpemiddela frå Conexus. Kommunen har òg kostnader knytt til kompetanseheving, både på eigne arrangerte kursdagar med kurshaldar og kursarrangement, samt der ein deltek på kurs. I dei nasjonale satsingane kommunen deltek i, må kommunen koste eigne reiseutgifter for personane som deltek på samlingar på Gardermoen. Skulane i samarbeid med FAU kostar føredragshaldarar til foreldremøte. Arbeidstid brukt til kontroll og rapportering med dokumentasjon kan føra til auka behov for merkantil ressurs.

Miljømessige konsekvensar:

Ikkje relevant.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Retten til eit trygt og godt skulemiljø skal bidra til at barn og unge har ein god oppvekst. Vonde opplevingar i barndom og ungdom kan medføre nedsett helse og ha negative konsekvensar for individet både på kort og lang sikt. Å arbeide for eit godt psykososialt miljø og god lesedugleik er viktig i eit samfunns- og folkehelseperspektiv.

Oppsummering og konklusjon:

Rapporten etter forvaltningsrevisjonen peikar på fleire relevante utviklingsbehov.

Kommunen har arbeidd aktivt med kompetanseheving for skuleleiarane i å driva endringsarbeid, kjøpt eigna hjelpemiddel og lagt til rette for betre bruk av verktøy når det gjeld system og rutinar, og tverrfagleg samarbeid.

Kommunen har òg søkt om å delta i nasjonale satsingar for å få rettleiing, kompetanseheving og hjelp med å betra praksis både når det gjeld språk, lese- og skriveopplæring og Inkluderande barnehagemiljø.

Fordi førebels rapport har vore kjent sidan midt i førre skuleår, lovendring i høve Opplæringslova 9A hadde verknad frå 01.08.17 og Lesing og Læringsmiljø har vore kommunale utviklingsområde både 16/17, 17/18 og 18/19, så har ein arbeidd med forbetring over tid og brukt rapporten som eit nyttig verktøy i dette arbeidet. Rapporten vil bli aktivt brukt vidare i denne prosessen.

Rådmannen vil følgje opp arbeidet i tråd med handlingsplanen i denne saka.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/137-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 32/20 | 03.12.2020 |

Status for arbeid med eigarskapsmeldinga

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen om status for arbeid med eigarskapsmeldinga til orientering

Samandrag

Kontrollutvalet har i møte 28.05.2020 vedteke at ein ønskjer ei orientering frå kommunedirektør om status i arbeid med eigarskapsmeldinga.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 28.05.2020 i sak om eventuelt vart mellom anna dette protokollert:

«Kontrollutvalet vart einige om at ein ønskjer ei orientering frå rådmann når det gjeld status for dette arbeidet»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama slik sak, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kommunedirektør har stadfesta at han kjem til møte og orienterer om saka.

Konklusjon

Ut i frå det som kjem fram av informasjonen i orienteringa frå kommunedirektør vert det tilrådd at kontrollutvalet gjer eit vedtak i saka. Det er i forslag til vedtak lagt fram at ein tar saka til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/61-2
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 33/20 | 03.12.2020 |

Henvending gjeldande kulturhuset

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

Henvending til leiar av kontrollutvalet gjeldande kulturhuset, der det vart hevda at nokre artistar og kunstnarar vert prioritert framfor andre. Kontrollutvalet har i møte 28.05.2020 beden om ei orientering frå kommunedirektør og leiar av Kulturhuset.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette var mellom anna protokollert i eventuelsaka i møte 28.05.2020.

«Henvending gjeldande kulturhuset - hevdar at nokre artistar og kunstnarar vert prioritert framfor andre

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå rådmann og leiar for kulturhuset gjeldande korleis dette vert handtert.

Vedtak:

Kulturhuset - nokon hevdar at nokre artistar og kunstnarar vert prioritert framfor andre. Utvalet ber om orientering frå rådmannen og dagleg leiar om kven som får bruke kulturhuset og om nokre artistar og kunstnar får prioritet framfor andre.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne type saker, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det kjem fram noko av saka som krev nærare undersøking, eller innhenting av fleire opplysningar, kan utvalet be om dette til neste møte.

Konklusjon

Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/188-2
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 34/20 | 03.12.2020 |

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Samandrag

I møte 28.05.2020 vedtok kontrollutvalet at ein ønskjer at rådmannen (kommunedirektøren) kjem til alle møte i kontrollutvalet og informerer om nytt frå kommunen. Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøta framover.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde mellom anna slikt vedtak i møte 28.05.2020 i sak «PS 17/20 Eventuelt»:

«Kontrollutvalet ønskjer ei sak i kvart møte om at rådmannen orienterer om saker frå kommunen»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna

Konklusjon

Om det ikkje er noko særskilt knytt til informasjonen som vert gjeven, tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/110-9
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 35/20 | 03.12.2020 |

Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 01.02.2021.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i første møte i 2021.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste revisjon skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Bømlo kommune vedtok i møte 28.09.2020 plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet.

Prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon

| Nr. | Prosjekt | Tema |
|-----|--------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1 | Styring av investeringsprosjekt | <ul style="list-style-type: none"> Inngåing av avtalar Kontrakt- og leverandøroppfølging Budsjettering Rapportering |
| 2 | Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særlege behov | <ul style="list-style-type: none"> Samarbeid på tvers av einingar/tenesteområde Bruk av system og rutinar for samhandling/tidleg innsats Samhandling med barnehagar Førebyggjande arbeid Kapasitet og kompetanse Iverksetting av tiltak for barn og unge med særlege behov Kommunen sine tenester til barn med særlege behov under handteringa av COVID-19 |
| 3 | Handtering av vald og trugslar mot tilsette i kommunen | <ul style="list-style-type: none"> Rutinar og retningslinjer for rapportering og melding av avvik Rutinar og retningslinjer for oppfølging av vald og trugslar Kompetanse og opplæring |
| 4 | Bemanning og sjukefråvær | <ul style="list-style-type: none"> System og rutinar for personalforvaltning Sjukefråværsoppfølging i samsvar med krav i lov og regelverk |
| 5 | Byggesakshandsaming | <ul style="list-style-type: none"> System og rutinar for byggesakshandsaming Regeletterleving |
| 6 | Psykisk helse og rusteneste | <ul style="list-style-type: none"> Kapasitet og kompetanse Retningslinjer for drift av Basen arbeids- og aktivitetssenter Regeletterleving Samhandling |

Prioriterte prosjekt i plan for eigarskapskontroll

| Nr. | Prosjekt | Tema |
|-----|----------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1 | Eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS | <ul style="list-style-type: none"> Økonomi og drift System og rutinar for oppfølging av eigarskapet Val og opplæring av styrerepresentantar Rapportering til kommunen |
| 2 | Eigarskapskontroll av Bømlo vatn og avløpselskap AS | <ul style="list-style-type: none"> Økonomi og drift System og rutinar for oppfølging av eigarskapet Val og opplæring av styrerepresentantar Rapportering til kommunen |
| 3 | Eigarskapsforvaltning (overordna) | <ul style="list-style-type: none"> System og rutinar for oppfølging av eigarskapa <ul style="list-style-type: none"> Eigarmelding Eigarstrategi Eigaroppfølging Rutinar for val av styrerepresentantar Opplæring av styrerepresentantar Rapportering til kommunen |

| | | |
|---|------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 4 | Eigarskapskontroll av Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS | <ul style="list-style-type: none"> • Økonomi og drift • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen |
| 5 | Eigarskapskontroll av Krisesenter Vest IKS | <ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret • Økonomi og drift • Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane |
| 6 | Eigarskapskontroll av Sunnhordland interkommunale legevakt IKS | <ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen • Økonomi og drift |
| 7 | Eigarskapskontroll av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS | <ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen • Økonomi og drift |

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

Det er tid for å bestille forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Kontrollutvalet skal for det første velgje det nye prosjektet for gjennomføring av revisjon. På bakgrunn av at kommunestyret nyleg har vedteke to nye planar med prioriterte prosjekt, vil det vere naturleg av utvalet å velgje eit av dei prioriterte prosjekta i enten plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eigarskapskontroll.

Når utvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestille, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrense prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar /moment som ein vil at revisor skal finne svar på. Kommunestyret har delegert mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar og omprioriteringar i planane, samt til å kunna definere og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planane.

Kontrollutvalet står fritt til å velgje om neste revisjon skal vera forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Det vil vere naturleg å be revisor utarbeide ein prosjektplan ut frå dei signal som vert gitt av kontrollutvalet i møte 03.12.20.

Kontrollutvalet kan be om ein prosjektplan til behandling i første møte i 2021. Prosjektplanen må i så fall sendast sekretariatet innan 01.02.2021.

Det må også takast atterhald om tildeling av budsjettmidlar før arbeidet kan settast i gang.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 01.02.2021, slik at utvalet får behandle planen i første møte i 2021.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/119-20
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 36/20 | 03.12.2020 |

Deloitte presenterer interimsrevisjonsrapport 2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2020 frå Deloitte til orientering.

Samandrag

I denne saka vil Deloitte presentera oppsummeringa av arbeidet med interimsrevisjon. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Interimsrevisjonsrapport 2020 - Bømlo kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i kommunane har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, jf. kommunelova § 23-2 Kontrollutvalets ansvar og myndigheit, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskaperen vert revidert på ein trygg måte og halde seg orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollera at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten bygger på revisjonsplan for 2020 frå Deloitte, som vart presentert for kontrollutvalet tidlegare i haust.

I dette møtet vil Deloitte presentera oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vere eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vera med.

Oppsummering av interimsrevisjonsarbeidet ligg ved.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimsrevisjon 2020 frå Deloitte til orientering.

Bømlo Kommune
v/kontrollutvalet
Rådhuset, Leirdalen 1
5430 Bremnes

05. november 2020

Revisjonsrapport nr. 24
(journalførast)

INTERIMSREVISJON BØMLO KOMMUNE 2020

Generelt

Vi har utført interimsrevisjonen av Bømlo kommune for 2020. Vi vil i den anledning gje ei kort oppsummering av utført interimsrevisjon og kommentera nokre forhold som vi meiner leiinga i kommunen bør ha eit spesielt fokus på.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapskapen i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimsrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimsrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder, og for regnskapsposter, kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjeret.

Sjølvstende og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til sjølvstende og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 78 og § 79 i kommunelova.

Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapskapen

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

I desse årsoppgjerstider minner vi om at ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balansepostar i rekneskapskapen utan dei som er ubetydelege.

Intern kontroll

Gjennomgangen har gitt oss kunnskap om kontrollmiljøet i kommunen, om kontrollmessige sterke og svake sider i vesentlege økonomiprosessar, og ei forståing av korleis rekneskapstransaksjonar vert generert, registrert og rapportert.

Vår vurdering av internkontrollen byggjer på informasjon innhenta gjennom kartlegging og gjennomgang av rutinar i samband med interim revisjonen, på kunnskap i eigen organisasjon om regelverk, rutinar og prosessar i kommunen.

I vår gjennomgang av **lønnsområdet**, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring registrering, oppdatering og lønnskjøring. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med lønnskonsulentane. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekket svakheiter ved dei interne kontrollane.

Når det gjeld **reiserekningar** har vi funne eit ubetydeleg avvik som gjeld manglande eksakte adresser for kvar ein køyrer frå og til når ein har krav på kilometergodtgjersle og manglande formål med reisen. Vi er kjend med at administrasjonen har sendt ut informasjon om krav til dokumentasjon, men vi tilrår og at ein ikkje godtek og registrerer reiserekningar som ikkje oppfyller lovkrava.

I vår gjennomgang av drifts- og investerings rekneskapen, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring **innkjøp og inngående fakturaer**. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med økonomileiar. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekket svakheiter ved dei interne kontrollane.

I vår gjennomgang av **inntektsrutinar** innan eigenbetaling for institusjons- og omsorgstenester, SFO samt eigeidomsatt. Føremålet har vært å kontrollere at det er etablert system og kontrollert som sikrar at alle fakturerte inntekter er i samsvar med grunnlaget (dei tenestene som er levert), og at inntektene vert bokført i rett periode med rett beløp.

Det var gjennomgåande god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og det vart ikkje avdekket vesentlege feil eller manglar ved grunnlag og berekningar.

Når det gjeld internkontrollen på eit overordna nivå, er det vår vurdering at den er tilfredsstillande.

Kontroll av transaksjonar / bilag

Kommunen har etablert system og rutinar som sikrar kontroll med transaksjonane (transaksjonskontroller). Kontrollen skal sørge for at inntekter, innkjøp, tilskot, løn og andre oppgavepliktige ytingar blir handtert i samsvar med gjeldande lover, reglar og avtalar, og at inntekter og utgifter vert følgt opp i forhold til budsjett og planar. På inntektsområdet er føremålet vidare å sikre at inntekter blir rett berekna og innbetalt, og at uteståande krav blir følgt opp.

Eit viktig kontrollelement er kravet om at alle bilag skal vera tilvist. Dette inneberer at alle disposisjonar som inneber økonomiske forplikningar skal stadfestast av ein som har budsjettdisponeringsmynde. Den som har budsjettdisponeringsmynde kan ikkje godkjenne godtgjersle eller andre utbetalningar til seg sjølv.

Vi har føretatt terminvise kontrollar av krav om kompensasjon for meirverdiavgift. Ein revisjon av dette inneberer handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Meir spesifikt betyr dette at vi plukkar ut eit tilfeldig utval av kostnadane, og kontrollerer at kommunen har behandla desse kostnadane riktig avgifts messig.

Vi har ikkje avdekket vesentlege feil knyta til den terminvise kontrollen av krav om kompensasjonen av meirverdiavgift.

Tilgangstyring og arbeidsdeling

Arbeidsdeling er ein viktig del av internkontrollen for å førebygge feil og mislegheiter. I ein mindre kommune med relativt liten administrasjon kan dette by på utfordringar. Bømlo kommune har i stor grad etablert denne kontrollen og har tilfredsstillande arbeidsdeling på vesentlege områder.

Overordna IT kontroller

Vi har fått stadfesta at der er innarbeida gode system kring dei viktigaste rutinane på IT-området og vår konklusjon er at det har vore etablert tilfredsstillande kontrollar samt at IT-avdelinga har gode systemer for oppfølging.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/200-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 37/20 | 03.12.2020 |

Tinging av kurs frå Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs med tema.....
Tidspunkt for gjennomføring av kurs:
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Samandrag

I avtalen mellom Bømlo kommune og Deloitte AS kan kontrollutvalet bestille kurs i ulike tema frå revisor årleg.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kursoversikt frå Deloitte

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdagar per år.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjetttramme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.


Vurderingar og verknader

Det vert no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra i 2021. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Bømlo kommune ligg ved saka.

